



|  |
|--|
|  |
|--|

|              |            |
|--------------|------------|
| Arkiv saknr: | 2014/2871  |
| Løpenr.:     | 20447/2014 |
| Arkivkode:   |            |

| Utval         | Møtedato   | Utval Saksnr |
|---------------|------------|--------------|
| Formannskapet | 29.01.2015 | 15/7         |
| Kommunestyret | 12.02.2015 | 15/5         |

Sakshandsamar: Gry Åsne Wienenga

## Høyring – overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten

### Vedlegg:

- 1 Høringsbrev 1.12.2014
- 2 Mulige provenyeffekter ved flytting av skatteinnkreving
- 3 KS sin høringsuttalelse - Overføring av skatteoppkreving til staten

### Bakgrunn:

Finansdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å overføre skatteoppkrevjar-funksjonen (skatteoppkrevjinga) til Skatteetaten.

### Vurdering:

Sidan etableringa av kommunane med formannskapslovene i 1837 har det kome forslag om statleggjing med gjevne mellomrom. Det har gått 10 år sidan sist, og tida er tydelegvis inne for å ta nok ein politisk omkamp om kvar denne oppgåva skal løysast. Sakshandsamar kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment sin talar for ei omorganisering.

Målet for reforma er mindre byråkrati og spare pengar. Oslo Economics har for Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK) funnet ut at overføringa inneber eit provenytap på 1 560 millionar.

Skatteinnkrevinga i Noreg er svært effektiv, og det er vanskeleg å sjå at ein statleggjing vil forbetre den. Samtidig blir ein viktig oppgåve fjerna frå kommunesektoren, stikk i strid med måla i kommunereforma. At forslaget fremjas som eigen sak uavhengig av pågåande kommunereformarbeid er etter sakshandsamars meining uheldig og i strid med reforma.

På samanliknbare skattearter er dei kommunale skatteoppkrevjarane meir effektive enn dei statlege innkrevjarane. Kommunanes desentraliserte innkrevjing av arbeidsgjevaravgift har eit resultat på 99,8%. Statens sentraliserte innkrevjing av meirverdiavgift er mindre effektiv: 99,4%. (ref. Statsbudsjettet 2015).

Kravenes karakter, innkrevjing via arbeidsgjevar og automatiserte prosesser er viktige forklaringar på dei gode resultata. Hensiktsmessig og effektiv organisering i kommunane med eintydig arbeidsdeling mellom skattekontora (tidlegare likningskontor) og dei kommunale skatteoppkrevjarane er ein annan. Skattedirektoratet gjev ingen grunngjeving for at den statlege innkrevjinga av meirverdiavgift skal være lågare enn resultata for arbeidsgjevaravgift.

Sakshandsamar fryktar at regjeringa undervurderer kompleksiteten i omstillingsarbeidet skatteetaten står midt oppi. Lista over endringar som allereie er vedtatt er lang:

- Innkjøp og innføring av nye, kompliserte datasystem
- Ta over fleire oppgåver frå tolletaten
- Ta over dokumentavgift frå Kartverket
- Innlemming av Statens innkrevjingssentral
- Årsavgift på motorvogn gjerast om til trafikkforsikringsavgift

Danmark statleggjorde sin skatteoppkrevjing i 2005. Sidan då har restansane auka kvart einskild år, og dei ynskja effektiviseringane er ikkje gjennomført. I følge den danske riksrevisjonen var restansane ved utgangen av 2012 på 81,8 milliardar danske kroner. I 2006 var dei på 50,1. Viktige årsakar har i følge riksrevisjonen vore massive problem i utvikling av IT-system, utfordringar i planlegging av ny organisasjonsstruktur samt mangel på personell (for få medarbeidarar blei overført frå kommunane).

I Noreg finnes det ikkje noko felles IT-system for moms, særavgifter, statens innkrevjingssentral og skatteoppkrevjing. Også her må det altså utvikles nye IT-system dersom man skal hente større gevinstar av ein sentralisering. Ingen veit kor mange år det vil ta å utvikle, eller kor mykje det vil koste. Det er 10 år sidan Danmarks reform, og dei er endå ikkje i mål med å lag sitt nye system.

På oppdrag frå NKK har Oslo Economics gått gjennom talmateriale frå Finansdepartementet og berekna konsekvensane av endra innkrevjingsprosent. Tala syner at endringar i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjere at reforma ikkje vil løne seg for fellesskapet, sjølv etter ein eventuell betydeleg bemanningsreduksjon.

Berekningane syner vidare at det norske fellesskapet risikerer eit årleg proveny tap i området 0,5-1,5 milliardar kroner årleg. Sakshandsamar meiner det i sum er høg risiko for at statleggjering vil bety tapte skatteinntekter også for det norske fellesskapet. Dei kommunale skatteoppkrevjarane er viktig for god lokal økonomistyring. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Erfaringa syner at man lokalt, gjennom skatteoppkrevjarane, fangar opp avvik frå forventa skatteinntang langt raskare enn ein klarar på nasjonalt plan. Dette gjev kommunane høve for å justere drifta tidligare enn dersom ein skulle vente på statens offisielle justerte skattetall. Dette er særleg viktig for kommunane i periodar med sviktande skatteinntang.

Kommunane vil fortsatt måtte krevje inn pengar også etter ein statleggjering. Det er høgst uklårt kva som skjer med kompetansen og effektiviteten i denne innkrevjinga etter ein sentralisering.

Forslaget om statleggjering kjem midt i kommunereforma. Eit viktig mål er å «flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar». Regjeringa seier den vil «syne meir tillit til lokalpolitikarane og gje kommunane meir handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» (ref. kommunereform.no). Statleggjering av skatteinnkrevjinga er eit tiltak som går motsett veg av regjeringas mål for kommunereforma.

Skatteoppkrevjaren er i dag ein sentral, integrert del av det lokale administrative apparatet. Det er vanskeleg å forstå kvifor skatteinnkrevjinga skal handsamast særskilt, og før ein diskuterer den totale oppgåve- og ansvarsfordelinga. Sakshandsamar kan ikkje sjå at det er gjort nokon fagleg utredning av kva rolle skatteoppkrevjaren spiller i kommunens totale økonomiske fagmiljø, og kva fagkompetansen har å bety for god lokal økonomistyring. Kvifor skal ikkje alle oppgåver sjåast i samanheng? Kvifor så travelt?

Regjeringa hevdar skatteinnkrevjing ikkje er ein naturleg kommunal oppgåve, bland ana fordi det skal utøvas «liten grad av skjønn». Sakshandsamar meiner tvert i mot at lokalkunnskap og nærleik til skyldnaren er vesentleg for dei gode, lokale resultata som vi har i dag. Det er også slik at Stortinget ved tvangsinnfordring faktisk har pålagt skatteoppkrevjaren å bruke skjønn einskilte spørsmål, som i vurdering av skyldnarens eigarforhold, familiens økonomiske situasjon, om skatteytar er vanskeligstilt og gjeldsoffer.

Siv Jensen hevdar det er IT-systema og ordninga med forskotstrekk som er årsak til dagens gode, lokale innkrevjingsresultat. Her må Jensen snakke mot bedre vitande: NOU 2004:12 dokumenterer at dei lokale skatteoppkrevjarane hadde svært gode resultat også før innføringa av danens IT-system, med samla løysingsgrad på 99,5%.

Reformtilhengarane er opptekne av at 60 % av skatteoppkrevjarkontora nytter to eller førre årsverk, og hevder dette ikkje bidreg til robuste fagmiljø. Sakshandsamar meiner kommunane sjølv har best kompetanse til å vite kva som er klok organisering lokalt. Eit godt og robust fagmiljø er eit miljø som lykkes i å gjere arbeidet sitt. Resultata tel: Finansdepartementet dokumenterer sjølv at dei kommunale innkrevjarane har betre resultat enn staten.

Finansministeren argumenterer for at ein «god regional fordeling» av dei nye kontora gjer reforma til god distriktpolitikk. Sakshandsamar er usamd i dette. Ein reduksjon frå 288 til 27 kontorar førar sjølv sagt til ein massiv sentralisering, sjølv om ikkje alt sluses til Oslo. Med Jensens reform vil 261 kommunar fratas kompetanse, arbeidsplassar og eit viktig ansvar som dei i dag forvaltar på ein god måte.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

|                                                                                                                                                            |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Kommunestyret syner til momenta under «vurdering» i saksframstillinga, og rår frå ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommune til stat.</b> |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Rådmannen, 15.01.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Formannskapet 29.01.2015:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

|                                                                                                                                                            |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Kommunestyret syner til momenta under «vurdering» i saksframstillinga, og rår frå ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommune til stat.</b> |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Saksordførar: Jon Rikard Kleven

**Handsaming i Kommunestyret 12.02.2015:**

Framlegget frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

|                                                                                                                                                            |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Kommunestyret syner til momenta under «vurdering» i saksframstillinga, og rår frå ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommune til stat.</b> |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|